



## Ledig stilling ved Nordvestlandet folkehøgskole.

Vil du jobbe på ein fantastisk skole i den vakraste delen av landet?

Vi har ledig et vikariat i 100% stilling som lærar på Nordvestlandet folkehøgskole skoleåret 2026-2027. Skolen vår ligg vakkert plassert i Torvikbukta, midt mellom Molde og Kristiansund. Skolen er eigd av Normisjon, Misjonssambandet og Indremisjonsforbundet. Dei ansatte må arbeide i tråd med skolen sitt kristne verdigrunnlag og aktivt fremme skolen sine mål.

Vi ser etter:

- Deg som deler skolen sitt kristne verdigrunnlag.
- Deg som vil vere med å fremje skolen sin visjon og målsetting.
- Deg som vil sette eleven i fokus.
- Deg som liker å jobbe sjølvstendig, men også i team – og er flink til å gjere andre gode.
- Deg som ønsker ein variert arbeidskvardag og er fleksibel og løsningsorientert.

Du vil få ansvar for linja Pudder-surf-Japan. Det er også aktuelt å undervise i valgfag. Ta med i søknaden dersom du har annan kompetanse. Det er spesielt interessant om du har kompetanse i klatring eller norsk for internasjonale elevar. Men kompetanse i Ballsport, kajakk, kano, discgolf, matlaging, musikk, kristendom, aktuelle tema - eller andre fag er og interessant.

Dine kvalifikasjonar:

- Utdanning og/eller realkompetanse innan friluftsliv sommer og vinter.
- Kompetanse og erfaring innan ski, skred og surfing.
- Pedagogisk utdanning.

Andre ønskelege kvalifikasjonar:

- Kompetanse/erfaring innan film, foto og PR-arbeid
- Kompetanse i valgfag
- Sertifikat på minibuss.
- Erfaring med å jobbe med ungdom.

Vi kan tilby:

- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Lønns og arbeidsvilkår følger landoverenskomsten for utdanning. Tariffavtale med Virke.
- Gode kolleger og flotte lærevillige elevar!

Litt meir om jobben:

- Å vere tilsatt på Nordvestlandet folkehøgskole er spennande! Du får mulighet til å bruke dine sterke sider både fagleg og som menneske. I folkehøgskolen er vi tett på elevane i eit komprimert arbeidsår. Dette er både givande og nokre gonger krevande.
- Folkehøgskolen blir gjerne kalla verdas friaste skoleslag – her er ikkje pensum eller eksamenskrav. Elevane våre er over 18 år og har høg motivasjon – dei har gjerne valgt linje ut frå interesser, eller at dei vil prøve noko heilt nytt. Vi vil drive undervisning med god kvalitet



der elevane kan merke at dei får mykje igjen på det faglege området.

- Nordvestlandet folkehøgskole er ein av dei 32 kristne folkehøgskolane i Norge. Vi ønsker at du som lærar skal være med å fremme skolens kristne formål. Du får ansvar for morgonsamlingar, nokre søndagsmøter («Kvilepuls»), samtalegrupper og temaundervisning.
- Ein del av jobben er å være med å promotere linja og skolen. Dette kan være å ta bilder og film av aktivitetar og opplegg, produsere saker til sosiale medier og eventuelt delta på skolebesøk/utdanningsmesser.
- Stillinga er tillagt sosialpedagogisk arbeid.

Å jobbe på folkehøgskole kan vere verdens beste jobb! Samtidig er det ein jobb som krev mykje av deg. Årsverket er komprimert til 9 månader. Det betyr at du jobbar mykje når elevane er på skolen – og har mykje fri og avspasering når det ikkje er elevar på skolen.

Ein viktig del av jobben som folkehøgskolelærar er det sosialpedagogiske arbeidet. Ein vesentleg del av årsverket ditt er satt av til å jobbe blant elevane med oppgaver som ikkje er direkte undervisning. Dette er oppgaver som tilsynsvakt på ettermiddag-kveld-natt, ha samtalegruppe med elevane, arrangere aktivitetar på kveldstid, sosialpedagogis arbeid på tur med elevane m.m.

På skolen vår har vi friluftslivlinjer, idrettslinjer, kreativ linje og hestelinje. Mykje av undervisninga er bygd opp rundt desse linjene.

Dersom du blir ansatt vil du få ansvaret for linja Pudder Surf – Japan. Denne linja har tur til Hakuba i Japan i februar. Du vil få ansvaret for undervisning og opplegg også på denne turen.

Ta gjerne ein god «surferunde» på heimesida vår [nordvestlandet.no](http://nordvestlandet.no) for å gjere deg meir kjent med skolen vår.

Den som blir tilsett må legge fram politiattest.

Søknadsfrist: Fredag 10.april. 2026.

Kontaktinformasjon: Bjarte Grøteide – rektor – telefon 41103841 – epost [bjarte@nordvestlandet.no](mailto:bjarte@nordvestlandet.no)

Søknad med CV og referanser sender du til [bjarte@nordvestlandet.no](mailto:bjarte@nordvestlandet.no)

Vi ser fram til å lese søknaden din!